

Vedtekter for Stiftinga Nordgardsløa, vedtatt 7.des. 1989

Endringar 14.01.2017

§ 1 – Føremål

Stiftinga skal driva Nordgardsløa som allaktivitetshus for å fremma eit breitt og levande kulturtilbod for alle aldersgrupper. Tilboda bør skapa kontakt mellom generasjonane, og i plan- og tilrettelegging skal ein ta omsyn til alle grupper. Ein bør arbeida for god kontakt med til dømes sjukeheim, eldresenter, barnehagar og skular.

§ 2 – Ansvar og verksemd

Stiftinga Nordgardsløa er ein sjølvstendig juridisk person som eig seg sjølv. Ingen medlemslag har rett på stiftinga sine midlar, og dei svarar ikkje for stiftinga si gjeld.

Alle lag og organisasjonar i Nordhordland som verkar i Meland kommune kan søkja om å verta medlemar. Medlemskap vert gjeve av styret med vanleg fleirtal. Styret er stiftinga sitt høgaste organ, og vedtek retningslinjer for drifta. Styret oppnemnar også stiftinga sine andre organ. Dersom styre ikkje vert oppnemnt, fungerer årsmøtet som styre.

Ved innmelding betaler medlemslaga innskot til stiftinga sin grunnkapital, dei betaler kontingent kvart år, dei gjer dugnadsarbeid, og dei sender representantar til stiftinga sine organ, alt slik styret vedtek.

Meland kommune er medlem av stiftinga, men har ikkje noko økonomisk forplikting overfor ho forutan overføringa av Nordgardsløa. Kommunen betaler ikkje kontingent, og står fritt når det gjeld andre tilskot m.v. til stiftinga.

Dersom medlemene gjennom lengre tid ikkje finn å kunna driva stiftinga etter føremålet, kan styret med $\frac{3}{4}$ fleirtal vedta å la Meland kommune peika ut eit nytt styre. Dette vel då fritt mellom å driva stiftinga vidare, omdanna eller oppløysa ho.

Ved oppløysing går Nordgardsløa med tilhøyrande tomt attende til Meland kommune. Påkostningar på bygningen etter at stiftinga er oppretta skal takserast. Denne verdiauken, med unntak av offentlege tilskot, vert i høve oppløysing fordelt likt mellom dei andre medlemslaga i stiftinga.

§ 3 – Skiping og val

Stiftinga vert skipa ved at 2 valde representantar frå Meland kommune og kvart av dei 9 laga nemnd i § 4 møtast. I skipingsmøtet skyt laga inn kr.1000.- kvar til grunnkapitalen. Meland kommune sitt innskot vert Nordgardsløa med tilhøyrande tomt.

Representantane stadfestar dette med å skriva under eit eksemplar av vedtektene. Dette vert då skipingsdokumentet. Når skipingsdokumentet er underskrive, går møtet over til å verta det første årsmøtet i stiftinga. Til seinare årsmøte vert 2 representantar valt av kvart medlemslag og 2 representantar av Meland kommune.

Årsmøtet skal syta for at Nordgardsløa vert teke formelt over av stiftinga. Deretter skal styret syta for å byggja ut og driva løa etter vedtektene.

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

Forvaltninga av stiftinga høyrer inn under styret. Styret skal sørge for at stiftinga sine formål blir tekne vare på i samsvar med vedtektene. Styret skal ha 4 medlemmar. Meland kommune har rett til å ha ein av representantane i styret. Det skal veljast 2 vararepresentantar. Representantane i styret vert vald for 2 år om gongen, slik at halve styret står på val kvart år.

Styreleiar veljast av styret. Nestleiar til styret , sekretær og kasserer veljast når styret konstituerer seg. Kasserer kan veljast utanom styret.

Styret vel og revisor og en valnemd på 2 medlemmar. Styret skal leggja fram årsmelding , årsrekneskap og budsjett. Styret kan også oppnemna utval etter behov.

Årsmøtet i stifting skal haldast innan utgangen av april månad. Det vert innkalla med minst 3 vekers varsel

Årsmøtet skal velje styremedlemmar etter innstillinga frå valnemda.

Årsmøte skal godkjenna nye medlemmar

Årsmøtet kan gi uttale om :

Årsmelding

Årsrekneskap

Budsjett

Innkomne framlegg

Val av revisor

Val av valnemd.

§ 4 – Stiftarar, medlemmer og grunnkapital

Stiftarane er her nemnde i den rekkefølga dei er komne med i arbeidet med skipinga:

Frekhaug husmorlag
Meland kommune
Meland Mållag
Meland Helselag
Meland lag av Norges Blindforbund
Meland lokallag av NFPU
Nordhordland Brevdueklubb
Framtida i våre hender
Nordhordland Seilforening
Frekhaug karateklubb

Stiftarane er samstundes dei første medlemane i "Nordgardsløa".

Styret fører oversyn over alle lag som sidan vert medlemar, og over gåver, tilskot, dugnad m.v. som tilfell stiftinga.

Medlemslag som ikkje betaler kontingent, misser retten til å velja representantar til årsmøtet. Dei vinn attende denne retten når dei har betalt kontingent for 2 år.

Stiftinga sin grunnkapital vert såleis kr.9000.- i tillegg til Nordgardsløa med tilhøyrande tomt.

Frekhaug 14.02.2017

Stiftinga Nordgardsløa

Jørn Kleiva
Formann.

Leif Johnsen
Styremedlem

Alvhild Aarhus
Styremedlem

Oddmund Solbakken
Styremedlem

Sigurd Knudsen
Styremedlem

